



En til en Arkitekter AS  
Øvre Korskirkesmug 2b  
5018 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/550 - 15/5012

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

04.03.2015

## Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsel gbnr 214/38 Fyllingsnes - bustad med leiligheit

Teknisk drift syner til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle gbnr 214/38 for 2 bustadeiningar.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 2 bustadeiningar – gbnr 214/38 - på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i frskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) (Veglova og forskrift) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) (vegnormal N100).
- Ei føresetnad for avkjøringsløyve er at det vert gitt løyve til etablering av bustad med leilighet på eigedommen.

**Vi gjer merksam på at utbetring av eksisterande avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg, samt vegnormal 017 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen am vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 214-38

**Kopi til:**

Siv Tverberg og Niklas Krake  
Lindås kommune ved byggesak

**Mottakarar:**

En til en Arkitekter AS

Øvre 5018  
Korskirkesmug 2b

BERGEN